

# Handlingsprogram 2015 – 2018

## AVDELING 20

### Sekretariat

#### ANSVAR: 1000 – 2100 og 3570

- 1000:** Kommunestyre, Formannskap, politiske utval, ordfører
- 1011:** Kontrollutvalet
- 1012:** Forlikrådet
- 1050:** Gol kyrkjelege fellesråd
- 1059:** Gravplassar, inntekter og utgifter
- 1100:** Rådmannen
- 2100:** Sekretariat
- 3570:** Tenestetorget

### 2.1.3 SEKRETARIATET

#### Mål 2015 - 2018

- Leggje til rette for meir effektiv innbyggjardialog og tilgjengeleggjing av dokument. Innbyggjarane forventer smarte løysingar og automatiserte prosesser og er ikkje lenger like innstilte på å måtte fylle ut papirskjema, møte opp personleg eller stå i telefonkø for å få svar på det dei lurar på. Gol kommune ynskjer seg ei betre og meir interaktiv heimesideløysing som mogleggjer ein enklare elektronisk dialog med publikum og innbyggjarar. Vi er med i faggrupper i regi av regionrådet og vil prøve å påvirke til at dette kan skje.
- Som vertskommune for Sak/arkiv i Hallingdal, vere pådrivar for å utnytte alle delar av sak/arkivsystemet, herunder halde seg oppdatert innan fagfeltet og ta initiativ til å ta i bruk nye modular som forenkler rutiner for både arkivpersonale og saksbehandlarar.
- Fokus på krisehåndtering, herunder planverk, informasjonsflyt og strategisk ledelse.

#### Tiltak:

- Nytt facebook som sosial kanal for å nå fleire innbyggjarar og vurdere å ta i bruk chat-funksjonar og andre sosiale kanalar. Ta i bruk ekspederingsmodul i sak/arkivsystemet og nytt elektronisk utsending av brev som fyrsteval for alle som ikkje har reservert seg, i løpet av 2015.
- Oppgradere til einkvar tid nyaste versjon av sak/arkivsystemet Public 360. (Dette er avhengig av naudsynte bevilgningar frå regionalt hald).
- Utnytte IKT-systemer som allereie er kjøpt inn betre:
  - Halde fram med å implementere det elektroniske beredskapssystemet CIM i beredskapsarbeidet i kommunen.
  - Ta i bruk UMS-varslingsystem for innbyggjarvarsling ved små og store kriser.

#### Økonomiplan 2014 - 2016

INVESTERING – sekretariatet ser ikkje behov for spesielle investeringstiltak i planperioden.

DRIFT - sekretariatet sitt framlegg:

På grunn av den økonomiske situasjonen vil ikkje sekretariatet gjere framlegg om auka midlar til drift. Vårt bidrag til innsparingar vil vere å ikkje tilsetje i ledig 100% stilling som spesialkonsulent etter 1.9.2015. Oppgåvene må leggjast til andre i avdelinga og vil måtte skje ved omprioritering av eksisterande oppgåver og ved å senke servicenivået ved avdelinga noko.